



**DEN NORSKE KYRKJA**

**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)

[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Org.nr.: 976 997 654

## **Innkalling til mte**

**Utval:** Aukra sokne- og fellestråd (SFR)

**Mtedato:** Torsdag 23. januar 2025

**Mtetid:** Kl. 18.00 – 20.25

**Mtestad:** Mterommet p Kyrkjelydshuset

**Innkalla medlemmar i sokne- og fellestrådet:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Per Arne Rindary, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vgy, Edvin Magne Nyb Kristian Finn Risung og Odd Jrgen Nilssen (10).

**Kopi til varamedlemmar:** Janne Wie, Gunnar Kolflth, Knut Oterhals, Berit Cesilie Huse og Grethe Lystad Johnsen.

*Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no).*

*Varamedlemmar fr innkallinga til orientering, men treng berre å mte ved nrre innkalling.*

## **Opning**

### **SAKLISTE**

**Sak 01/25** Godkjenning av:

A. Innkalling

B. Sakliste

C. Referat fr mte 12.12.2024

**Sak 02/25** Frebuing av misjonsbasaren 28.02.25 (SR-sak)

**Sak 03/24** Frebuing av feitetysdag 04.03.2025 (SR-sak)

**Sak 04/25** Offerliste for 2025 (SR-sak)

**Sak 05/25** Frebels budsjett for 2025 (SFR-sak)

**Sak 06/25** Utlysing av stillingane for kontor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/trusopplrar (FR-sak)

**Sak 07/25** Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)

**Sak 07/25-1** Referat fr AU-mte 09.01.2025

**Sak 08/25** Eventuelt

Aukra 16.01.2025

Erlend Melby (s)

Leiar

Kari Margrete Fanghol

Max Ingar Mrk

## Årshjul og møteplan for Aukra sokne- og fellesråd 2025

2025	Møte i AU	Møte i SFR	Hendingar som kan involvere SFR	Aktuelle saker til møte i SFR
Jan.	09.01	23.01		Førebu basar Førebu feitetysdag og evt. askeonsdag Førebu Gullkonfirmantsamling Budsjett for 2025
Febr.	06.02	20.02	28.02: Misjonsbasar	Førebu fasteaksjon Rekneskap for 2024
Mars	27.02	13.03	04.03: Feitetysdag 05.03: Askeonsdag Brannøving og førstehjelpskurs for tilsette og frivillige	Førebu jubileumsveka Årsmelding for 2024
April	27.03	10.04	Sø 06.04: Fasteaksjon Sø 13.04 – Må 21.04: Påske Må 21. – Sø. 27.04: Jubileumsveke	
Mai	30.04	15.05	Laur 03.05 og 10.05: Konfirmasjonar	Førebu «bursdag» m/ky.kaffi pinedag Førebu Aukradagen Førebu årsmøte
Juni	28.05	12.06	08.06 Pinedag m/ky.kaffi & kake 14.06 Aukradagen 15.06 (?): Årsmøte Gullkonfirmantar	
Juli				
Aug.	07.08	21.08		Strategisamling og evaluering av arbeidsåret 2024/25. Førebu kyrkjelydstur til Bjørnsund
Sept.	04.09	18.09	14.09: Kyrkjelydstur til Bjørnsund (?)	Førebu hausttakkefest Forslag til budsjett 2026
Okt.	25.09	09.10	12.10 eller 26.10: Hausttakkefest	Førebu førjulsamkome Møte med tilsette
Nov.	23.10	06.11	02.11: Minnegudsteneste 04.11: Allehelgenskonsert (?) 28.11: Førjulsamkome	Førebu eldretreff og adventskonsert(ar) Val av leiar og nestleiar for 2026 Gudstenesteplan 2026
Des.	27.11	11.12	Sø 07.12: Adventskonsertar Andre julekonsertar 03.12 eller 10.12: Eldretreff 24.12 og 25.12: Julegudstenester	Offerliste 2026 Endeleg budsjett 2026



## **MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 12. desember 2024  
**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Desse møtte:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Anne Berit Oterhals Skrede, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (8).

**Forfall:** Britt Karin Hagen Laastad, Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Rune Vågøy.

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Kari Margrete Fanghol

**Opning** v/Max Ingar som las ein tekst av Knut Grønvik om dei tre vise menn.

### **Sak 90/24 Godkjenning av:**

#### **A. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### **B. Sakliste**

Saklista blei godkjent utan merknadar.

#### **C. Referat frå møte 14.11.2024**

Referatet blei godkjent utan merknadar.

### **Sak 91/24 Gudstenesteplan for 2025**

Soknepresten sitt forslag til gudstenesteplan for 2025 blei drøfta.

Leiar hadde på førehand sendt inn 3 kommentarar/spørsmål:

- Er det nok med berre 1 gudsteneste + adventskonsert i Julsundet i heile 2025?
- Er det mulig å få til ei festgudsteneste 27.04 som avslutning på Jubileumsveka?
- Det hadde vore fint å få inn gudsteneste 1. nyttårsdag 2026 på denne planen.

Soknerådet tok først opp spørsmålet om kva ei eventuell overføring av Sandøya og Ona til Aukra kommune vil kunne ha å seie for gudstenestefrekvensen i Aukra sokn. Det blei konkludert med at ei slik overføring vil ha konsekvensar både for kommunen og soknet som må avklarast i ein eigen prosess.

Vidare drøfta soknerådet planforslaget, og gjorde følgjande samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd vedtek gudstenesteplan for 2025 som framlagt av soknepresten med følgjande endringar/suppleringar:

- Det blir lagt inn jubileumsgudsteneste 27.04.24. Ein vil undersøke om det er mogeleg å få med artistane frå konserten kvelden før til ein rimeleg pris.
- Det bli sett opp 1 gudsteneste på Mevoldtunet på våren og 1 på hausten.
- Det blir sett opp 1 friluftsgudsteneste på Langneset nedanfor Mevoldtunet på våren og 1 friluftsgudsteneste t.d. i samarbeid med KRIK på hausten.
- Soknerådet utfordrar gudstenesteutvalet til å føreslå noko nytt som kan trekke fleire til gudstenestene, særleg i Julsundet.
- Gudsteneste 1. nyttårsdag 2026 kl. 14.00 blir teke inn i planen.
- På grunn av uvisse om nokre av arrangementa, vedtek soknerådet i første omgang planen fram til 30.03.25. Planen for resten av året blir teke opp til endeleg behandling på eit seinare møte.

Soknepresten og kyrkjeverja kan i samråd gjere mindre endringar i planen dersom tilhøva tilseier det.

**Sak 92/24 Møteplan for SFR 2025**

SFR gjorde éi endring på det framlagte forslaget: Møtet 04.12.25 blir flytta til 11.12.25. Førebuande møte i AU blir tilsvarende flytta frå 20.11.25 til 27.11.25.

Etter dette gjorde SFR slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR vedtek følgjande møteplan for 2025:

<b>Førebuande møte i AU</b>	<b>Møte i SFR</b>
To 09.01.25	To 23.01.25
To 06.02.25	To 20.02.25
To. 27.02.24	To. 13.03.25
To 27.03.25	To 10.04.25
On 30.04.25	To 15.05.25
On 28.05.25	To 12.06.25
To 07.08.25	To 21.08.25
To 04.09.25	To 18.09.25
To 25.09.25	To 09.10.25
To 23.10.25	To 06.11.25
To 27.11.25	To 11.12.25

Leiar og kyrkjeverje kan i samråd gjere endringar i planen dersom tilhøva tilseier det.

## Sak 93/24 Årshjul for SFR 2025

Det framlagte forslaget til årshjul for 2025 blei drøfta, justert og supplert.

Etter dette gjorde SFR slikt samrøystes

### Vedtak:

Aukra SFR vedtek følgjande årshjul for 2025:

2025	Hendingar som kan involvere soknerådet	Aktuelle saker til møte i SFR
Januar		Førebu basar Førebu feitetysdag og evt. askeonsdag Førebu Gullkonfirmantsamling Budsjett for 2025
Februar	28.02: Misjonsbasar	Førebu fasteaksjon Rekneskap for 2024
Mars	04.03: Feitetysdag 05.03: Askeonsdag Brannøving og førstehjelpskurs for tilsette og frivillige	Førebu jubileumsveka Årsmelding for 2024
April	Sø 06.04: Fasteaksjon Sø 13.04 – Må 21.04: Stille veke/påske Må 21. – Sø. 27.04: Jubileumsveke	
Mai	Laur 03.05 og 10.05: Konfirmasjonar	Førebu «bursdag» m/ky.kaffi pinsedag Førebu Aukradagen Førebu årsmøte
Juni	08.06 Pinsedag m/kyrkjekaffi & kake 14.06 Aukradagen 15.06 (?): Årsmøte Gullkonfirmantar	
Juli		
August		Strategisamling og evaluering av arbeidsåret 2024/25. Førebu kyrkjelydstur til Bjørnsund (?)
September	14.09: Kyrkjelydstur til Bjørnsund (?)	Førebu hausttakkefest Forslag til budsjett 2026
Oktober	12.10 eller 26.10: Hausttakkefest	Førebu førjulsamkome Møte med tilsette
November	02.11: Minnegudsteneste 04.11: Allehelgenskonsert (?) 28.11: Førjulsamkome	Førebu eldretreff og adventskonsert(ar) Val av leiar og nestleiar for 2026 Gudstenesteplan 2026
Desember	Sø 07.12: Adventskonsertar Andre julekonsertar 03.12 eller 10.12: Eldretreff 24.12 og 25.12: Julegudstenester	Offerliste 2026 Endeleg budsjett 2026

Årshjulet oppdaterast gjennom året etter behov.

## **Sak 94/24 Søknad om permisjon frå SFR**

I samsvar med innstillinga gjorde SFR gjorde slikt samrøystes

### **Vedtak:**

Med heimel i Kyrkjeordninga § 10 blir søknaden frå Therese Hildre Solem om permisjon frå vervet i Aukra sokne- og fellesråd i 2024-2025 innvilga.

## **Sak 95/24 Vidare arbeid med kantorsaka - drøfting**

Det var lagt opp til ei grunnleggande drøfting om kantorsaka med utgangspunkt i spørsmåla: *Kva er det Aukra kyrkjelyd vil? Og korleis får vi det til?*

Undervegs blei kvart medlem i rådet utfordra til å seie kva dei tenkte om saka.

Følgjande moment kom fram:

- Vi bør prøve ei ny utlysing på 60 % stilling. Søkarar kan da kombinere stillinga med t.d. noko i Molde.
- Vi må kan hende tenke annleis. Kan vi auke stillinga ved å trekke inn Sandøy?
- Kan vi tenke oss at kantoren har 20 % av trusopplærarstillinga? Og kyrkjevevja 20 %? Eller kan kantoren ha begge stillingane? Da blir vi sårbare.
- Vi må få kyrkjevevja på plass først, og ho må få gjere det ho er tilsett for.
- Kan vi utfordre Jens Petter, som har vore vikar, til noko meir?
- Vi vil gjerne ha ein muskar som er litt sprek i høve til barn og unge. Gjerne med ein litt ungdommeleg, fargerik stil.
- Kva vi enn satsar på må vi ha tru på det vi gjer – om det no er ein klassisk organist eller ein meir allsidig muskar.

Fellesrådet konkluderte med følgjande

### **Vedtak:**

Fellesrådet vil prøve å kome i gang med ein prosess før den nye kyrkjevevja tiltrer. Så kan ho vere med på den avsluttande tilsettingsprosessen.

Fellesrådet vil lyse ut både 60 % kantorstilling og 40 % kyrkjelydspedagogstilling samtidig, med ein utlysingstekst som opnar for å søke kvar stilling for seg, eller ein kombinasjon av desse..

Ein bed fung. kyrkjevevje legge fram forslag til utlysingstekster til AU-møtet 09.01.25.

## **Sak 96/24 Referat- og orienteringssaker**

**Sak 96/24-1 Referat frå AU-møte 28.11.24**

**Sak 96/24-2 Høyringsuttale – Biskopens tilsyn**

**Sak 96/24-3 Høyringsuttale – Rammer for kyrkjeval**

Dei 3 sakene blei tekne til vitande.

#### **Sak 96/24-4 Oppdatering om jubileumsfeiringa 2025**

Leiar orienterte om at jubileumskomiteén hadde hatt møte med ordføraren, kommunedirektøren og kulturkonsulenten i kommunen, som alle var positive til jubileumsplanane.

Vidare var det skrive brev til alle gruppeleiarane i kommunestyret der ein fortalde om prosjektet og varsla at ein ville søke om kr. 190 000 frå kommunen – i tillegg til kr. 100 000 frå soknet sitt eige budsjett – til arrangementet. Fleire politikarar hadde gitt signal om at dei ville gå inn for dette. I tillegg vil komitéén søke støtte frå GassROR, lokalt næringsliv og lokale bankar.

Komiteén var også klar til å signere kontrakt med artistar til ein stor jubileumskonsert i Wicks-salen på Kulturhuset 26.04.25.

#### **Sak 97/24 Eventuelt**

Det var ingen saker under eventuelt.

Aukra 12.12.2024

Erlend Melby (s)  
Leiar

Max Ingar Mørk  
(sekr.)



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 02/25 Førebuing av misjonsbasaren 28.02.25**

Sakshandsamar og saksordførar: Kari Margrete Fanghol.

Misjonsbasaren til inntekt for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, er i år sett til fredag 28.februar kl. 18.00 på Kyrkjelydshuset.

For å gjennomføre basaren er det behov for at vi har eit mannskap til dei ulike oppgåvene og soknerådet blir oppmoda til å stille.

Med utgangspunkt i korleis det var på siste basar, er det behov for følgjande:

- Kjøkken: 3 personar
- Sal av kaker: 1 – 2 personar
- Sal av pølser/ mineralvatn: 1 person
- Åresal: 4 personar
- Tombola: 2 personar, spørje 2 av konfirmantane om dette.

For å få til sal av kaker, er ein avhengig av å få folk til å bake. I tillegg til kaker/gjærmat blir det sal av pølser.


Basaren står inne på årshjulet til SFR og AU vil oppfordre både faste og varamedlemmar av Soknerådet til å tenke igjennom på førehand kva dei kan bidra med. Dette gjeld både arbeidshjelp og baking. Ein kan også utfordre personar utanom rådet.

### **Forslag til vedtak:**

Aukra Sokneråd vil bidra med følgjande til misjonsbasaren:

- Kjøkken:
- Sal av kaker:
- Sal av pølser/ mineralvatn:
- Kakebaking:
- Åresal:
- Tombola:





**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 03/24 Førebuing av feitetysdag 04.03.2025**

Sakshandsamar og saksordførar: Kari Margrete Fanghol.

Feitetysdag i år er 04.03.25 og det er tradisjon at det er sal av graut i Kyrkjelydshuset denne dagen.

For å gjennomføre dette, er det behov for at vi har nokon som kan stille opp og gjennomføre arrangementet. Ein ser for seg at det skal være sal av graut i tidsrommet kl. 15.00 – 18.00.

Med utgangspunkt i tidlegare erfaringar er det behov for 5 personar og oppgåvene vil være følgjande:

- Handle inn, grauten må bestillast på førehand
- Koke/ varme grauten
- Dekke bord
- Servere
- Vaske opp og rydde lokala etterpå

Feitetysdag står inne på årshjulet til SFR og AU vil oppfordre både faste og varamedlemmar av Soknerådet til å tenke igjennom på førehand om dei kan bidra.

### **Forslag til vedtak:**

Aukra Sokneråd vil bidra med følgande til Feitetysdags-samlinga:

- Handle inn, grauten må bestillast på førehand:
- Koke/ varme grauten:
- Dekke bord:
- Servere:
- Vaske opp og rydde lokala etterpå:



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

### SAKSUTGREIING

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Sak 04/25 Offerliste for 2025

Leiar i Gudstenesteutvalet, Edvin Magne Nybø, er saksordførar.

Gudstenesteutvalet skal kvart år legge fram forslag til offerliste for komande år. Utvalet har drøfta lista for 2025, og tilrådd å bruke same lista som i 2024, men med offer til Hustad fengsel i staden for det som var tildelt Normisjon den 14.07.24.

Både i 2024 og 2025 er det 30 ordinære gudstenester/arrangement med offer i kyrkja, slik at alle føremåla frå 2024 kan dekkast i 2025. Dei to gudstenestene i samband med 300-årsjubileet for Påskeliljemarka 21.04 og 27.04 er da halde utanom. I vedlagte planforslag er føremåla i hovudsak lagt inn i same rekkefølge som i 2024, men med nokre justeringar for betre å treffe dagens tema. T.d. er det lagt inn offer til ungdomsarbeidet i kyrkja på konfirmasjonsdagane og til dei 4 diakoni-institusjonane på Helgemessesøndag.

På Kristi himmelfartsdag er det som vanleg gudsteneste på Orten med offer til Bestestaua. På konfirmantleiren på Bjørnsund er det sett opp offer til Misjonsprosjektet (med eit spørjeteikn).

I Julsundet er det førebels berre planlagt julekonsert 07.12 med offer til Misjonsprosjektet og på julaftan med offer til Kirkens Nødhjelp. Det er planar om ytterlegare 2-3 arrangement i Julsundet i løpet av året; offerføremåla på desse må fastsettast seinare. I høve til i 2024 manglar førebels desse føremåla offer: KRIK Julsundet, Laurdagsklubben Julsundet, Misjonsprosjektet x 2, Bibelselskapet, Prosjekt gatebarn i Kenya og Stefanusalliansen. I 2024 var det også sett opp offer i Julsundet til TV-aksjonen i oktober. Føremålet i 2025 er Atlas-alliansen, men dato for aksjonen er ikkje kunngjort.

AU meiner at soknerådet bør ta eit meir tydeleg eigarskap til offerlista, og vil derfor oppmode rådet til å drøfte både givarprofilen og kva for konkrete føremål det ønskjer å prioritere. AU oppmodar soknerådet til å tenke igjennom dette på førehand og kome med innspel til møtet.

### Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd vedtek offerliste for 2025 i samsvar med vedlagte forslag og dei endringar som kom fram på møtet.

# GUDSTENESTEPLAN I AUKRA SOKN 2025 - VERSJON 1 051224

Veke	Dato	Kyrkjeårsdag	Aukra			Diverse	Julsundet	Offer
1	01.01.25	Jesu namnedag	14	1				Misjonsprosjektet
1	05.01.25	Kristi Openb.						
2	12.01.25	2. sø. i op.tida	11	1				Norges kirkesangforbund - Møre
3	19.01.25	3. sø. i op.tida						
4	26.01.25	4. sø. i op.tida	11	1				Ung kirkesang - Møre
5	02.02.25	5. sø. i op tida/kyndelsm						
6	09.02.25	6. sø. i op.tida						
7	16.02.25	Såmannssøndag	11	1		Bibeldag og utdeling av bibelbok		Søndagsskolen Romsdal
8	23.02.25	Kristi forklaringsdag						
9	02.03.25	Fastelavnssøndag	11	1				NMS Det norske Misjonsselskap
10	05.03.25	Oskeonsdag	19		1			
10	09.03.25	1. s i fastetida						
11	16.03.25	2. s i fastetida						
12	23.03.25	Maria bodsk	11	1				Fasteaksjonen Kirkens Nødhjelp
13	29.03.25	KONFCUP	09:00-16:00		1	KONFCUP Auk/Mis/San?		
13	30.03.25	3. s i fastetida						
14	06.04.25	4. s i fastetida	11	1				Kirkens SOS
15	13.04.25	Palmesøndag						
16	17.04.25	Skjærtorsdag	17 Inst + 19 Ky	2				
16	18.04.25	Langfredag	11	1				
16	19.04.25	Påskentatt	23	1				
16	20.04.25	Påskedag	11	1				Barnegospel
17	21.04.25	2. påskedag	11		1	Jubileumsgudst. Påskeliljemarka		Offer?
17	27.04.25	2.sø i påsketida	11		1	Jubileumsgudst. Påskeliljemarka		Offer?
18	01.05.25	01.mai						
18	03.05.25	Laurdag KONF	11	1				Ungdomsarbeidet i kyrkja
18	04.05.25	3.sø i påsketida						
19	10.05.25	Laurdag KONF	11	1				Ungdomsarbeidet i kyrkja
19	11.05.25	4.sø i påsketida	11	1				Kyrkjebladet
20	17.05.25	Nasjonaldag	10	1				KIA - Kristent Interkulturelt Arbeid
20	18.05.25	5.sø i påsketida						
21	25.05.25	6.sø i påsketida						
22	29.05.25	Kr.himmelfart (Orten)	11 FELLES		1		11 FELLES	Bestestaua
22	01.06.25	Søndag før pinse						
23	07.06.25	Pinseaften						
23	08.06.25	Pinsedag	11	1				VING Gossen
24	09.06.25	2. pinsedag						
24	15.06.25	Treiningssøndag	11	1				NMS Det norske Misjonsselskap
25	22.06.25	2. sø i treeiningstida						
26	24.06.24	St.Hansdag						
26	29.06.25	3. sø i treeiningst						
27	06.07.25	4. sø i treeiningst	11	1				Misjonsprosjektet
28	13.07.25	5. sø i treeiningst						
29	20.07.25	Aposteldagen - 6sit	11	1				Arbeidet i Hustad fengsel
30	27.07.25	7. sø i treeiningst						
31	29.07.24	Olsok						
31	03.08.25	8. sø i treeiningst	11	1				Kirkens Bymisjon
32	10.08.25	9. sø i treeiningst						
33	17.08.25	10. sø i treein.t	11	1				Misjonsalliansen
34	24.08.25	11. sø i treein.t						
35	31.08.25	12. sø i treein.t	11	1				Søndagsskolen Aukra
36	07.09.25	13. sø i treein.t						
Konfirmasjonsveke på Bjørnsund 12-14.september								
37	14.09.25	Vingardss (14. sit)	11	1				Misjonsprosjektet?
38	21.09.25	15. sø i treein.t						
39	28.09.25	16. sø i treein.t	11	1				Norsk kirkesangforbund - Møre
40	29.09.24	Mikkelsmesse						
40	05.10.25	17. sø i treein.t						
41	12.10.25	18. sø i treein.t	11	1				Kirkens Bymisjon
42	19.10.25	19. sø i treein.t						
43	26.10.25	Bots- og bøneda	11	1				Institutt for Sjelesorg
44	02.11.25	Helgem /Minnedag	19	1				Dei 4 diakoniinstitusjonane
45	09.11.25	22. sø i treein.t						
46	16.11.25	23. sø i treein.t	11	1				Kyrkjebladet
47	23.11.25	Domss/ Kr.kongedag						
48	30.11.25	1.s.i.adventstida	11 + 19	2		Lys våken og Lysmesse		Prosjekt gatebarn i Kenya
49	07.12.25	2.s.i.adventstida	19	1		Musikkandakt-julekonsert v/k.lyden	15	Misjonsprosjektet x 2
50	14.12.25	3.s.i.adventstida	11	1				Norsk kirkesangforbund - Møre
51	21.12.25	4.s.i.adventstida						
52	24.12.24	Julaftan 1.	14:45	1			13	Kirkens Nødhjelp x 2
52	24.12.24	Julaftan 2.	16	1				Kirkens Nødhjelp
52	25.12.24	Juledag	12	1				Sjømannskirka
52	26.12.24	2. juledag/Stefanusdag						
52	28.12.25	Romjuls søndag						
1	31.12.24	Nyårsaftan						

**SUMMERING AV FORORDNA-  
og ANDRE GUDSTENESTER**

	Aukra			Julsundet
	<b>Forordn</b>	<b>PI</b>		<b>Forordn</b>
Søn- og helgedag	<b>35 + 4</b>	36	5	<b>10 + 2</b>



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 05/25 Førebels budsjett for 2025**

Vedlagt følgjer forslag til budsjett for Aukra sokne- og fellestråd 2025. Forslaget er førebels fordi rekneskapen for 2024 ikkje er avslutta, og budsjettinnspela til kommunen hausten 2024 la til grunn at unytta midlar i 2024 kunne overførast og brukast i 2025. Budsjettframlegget kjem derfor ut med eit netto meirforbruk som i neste omgang må dekkast inn med unytta midlar frå 2024, avsette fond eller søknad om tilleggslyyving frå kommunen.

Budsjettforslaget er utarbeidd i samarbeid med rekneskapsfører Lill Tove Gammelsæter i Hustadvika kommune. Forslaget følgjer som eige vedlegg til innkallinga.

### **Budsjetttramme**

Aukra kyrkjelege fellestråd vedtok i møte 24.10.25 – sak 77/24 – følgjande budsjettinnspel til kommunen:

«Fellestrådet søker om å få same tilskot frå kommunen i 2025 som i 2024, men med følgjande tillegg:

- Unytta midlar i 2024 overførast til 2025.
- Det ekstraordinære trekket som blei gjort i 2024 takast inn att i 2025.
- Det kommunale tilskotet og verdien av tenesteytinga indeksregulerast med forventa løns- og prisauke.»

Aukra kommunestyre gjorde i møte 18.12.24 – sak PS 87/24 – følgjande budsjettvedtak i samsvar med kommunedirektøren si tilråding:

«Det foreslås å imøtesjå budsjettforslaget ved at:

- Mindreforbruk i 2024 kan overførast til 2025
- Trekk i ramma i 2024 er allereie hensynteke ved opptrappingseffekt frå førre års budsjett-tiltak i ramme med kr. 236 000,-.
- Det kommunale tilskotet og verdien av tenesteytinga vert regulert med 3 % løns- og prisauke. Det tilsvarar kr. 113 000,-.

Siste punkt er dermed det som vert lagt inn som budsjettendring.»

I tillegg gjorde kommunestyret vedtak om å støtte 300-årsjubileet for Påskeliljemarka og 190-årsjubileet for Aukra kyrkje med kr. 290 000; av dette kr. 100 000 frå kyrkja sitt budsjett og kr. 190 000,- i auka tilskott frå kommunen.

### Budsjettføresetnader

Budsjettinnspelet frå kyrkjeleg fellesråd bygde på ein føresetnad om at fellesrådet i 2024 ville få eit mindreforbruk på inntil 1,2 mill. kr. på grunn av vakanse i stillingar og planlagte prosjekt som ikkje var gjennomførte.

Føresetnadane i innspelet er seinare endra, særleg pga. tre forhold:

1. Det var søkt om tilbakeføring av eit antatt trekk på kr. 236 000,- i 2024 pga. mindreforbruk tidlegare år. Denne antakinga bygde på ei formulering i kommunen sitt tildelingsbrev for 2024 der det heiter: «I tillegg er tidlegare års mindreforbruk trekt frå ramma.» Det viser seg i ettertid at dette trekket blei tilbakeført allereie i 2024 og såleis ikkje kjem som tillegg i 2025.
2. På slutten av 2024 vedtok fellesrådet å skifte varmpumpa på Kyrkjelydshuset. Dette arbeidet kom på nærare 300 000,- kr, med tilsvarande redusert overskot.
3. Det kom også nokre fleire driftsutgifter på slutten av året enn ein såg føre seg da ein søkte om ramme for 2025.

Til saman fører desse faktorane til kr. 5-600 000,- lågare ramme enn ein la til grunn hausten 2024. Nøyaktig mindreforbruk i 2024 er ikkje kjent før rekneskapen er avslutta. Ein må også sjå ramma i samanheng med tidlegare avsette investerings- og driftsfond og mogelege innsparingar i 2025.

I budsjettinnspelet til kommunen var det gjort greie for nye tiltak som fellesrådet har prioritert i 2025. I utgangspunktet er det da ikkje dekning for å gjennomføre alle desse fullt ut.

Situasjonen har vore drøfta med kontrollar Kine Ulvestad Sætervik i Aukra kommune. Vi vart samde om at vi i første omgang kan budsjettere med eit meirforbruk, og eventuelt søke om tilleggslyøving ved den kommunale budsjettjusteringa etter første tertial (pr. 1. mai) dersom det viser seg å vere behov for det. Ved budsjetteringa har ein likevel prøvd å tilpasse seg dei reduserte rammene mest mogeleg og prioritere dei tiltaka som hastar mest.

### Prioritering av større prosjekt/tiltak

I høve til dei prioriteringane som var tekne med i budsjettinnspelet til kommunen, er følgjande lagt inn i forslaget til budsjett:

Tiltak	Omsøkt	Budsjettforslag 2025	Kommentar
Reparasjon av vindauge og måling av ytterveggane i kyrkja	800 000	500 000	Dekning: 200 000 i driftsmidlar og 300 000 + mva. i investering. I tillegg er det søkt om 300 000 frå Kyrkjebevaringsfondet
Mindre tiltak i kyrkja (belysning, lukeopnarar, videoutstyr)	200 000	0	Berre lagt inn 10 000 til mindre suppleringar av inventar og utstyr
Reparasjon og vedlikehald av orgel	200 000	200 000	Arbeidet er bestilt
Minnelund – planlegging og opparbeiding	300 000	100 000	Til planlegging. Opparbeiding i 2025?
<b>Sum</b>	<b>1 500 000</b>	<b>800 000</b>	

Utanom dette kjem kr. 290 000 til 300-årsjubileet for Påskeliljemarka og 190-årsjubileet for kyrkja; kr. 190 000 som øyremerka tilskot frå kommunen + kr. 100 000 frå eige budsjett. Utgiftsposten er budsjetterte nettoutgifter. Jubileumsbudsjettet legg til grunn lang større bruttoutgifter, som dekkast inn av sponsor- og billettinntekter mv. Jubileet vil bli ført som eit eige prosjekt i rekneskapen.

### **Kommentarar til nokre av budsjettpostane**

Mange av budsjettpostane er kommenterte fortløpande i budsjettframlegget. Kommentrane nedanfor gjeld berre einskilde postar som skil seg ut eller treng nærare forklaring, jf. også tabellen ovanfor om større tiltak.

**Løn i faste stillingar** er budsjettert med full årsbelastning. For alle stillingane unnateke kyrkjevejestillinga er det lagt inn 3 % lønsauke. Vikarar i dei faste stillingane vil bli løna av innsparte midlar pga. vakanse. For å redusere overforbruket er trusopplærar budsjettert med 40 % stilling og kantor-/organiststillinga med løn tilsvarande kyrkjemusikar med 4 års utdanning.

**Annonseutgiftene** er budsjettert for å ta høgde for utlysing av kantor- og trusopplærarstillingane.

**Opplæring/kurs** er budsjettert slik at ny kyrkjevevjerje kan gjennomføre KA sitt Grunnkurs for kyrkjevevjerjer og at tidlegare kyrkjevevjerje kan gjennomføre kurs iht. avtale.

**Vedlikehald og reparasjon av kyrkja** er budsjettert med kr. 200 000 eks. mva. i driftsmidlar til måling av ytterveggane og kr. 600 000 + mva. i investeringsmidlar til reparasjon og oppgradering av vindauge mv. Av dette har ein søkt om 50 % dekning – kr. 300 000,- – frå Kyrkjebevaringsfondet Svaret på søknaden er venta tidleg i 2025. Om naudsynt må ein søke kommunen om tilleggslyving til prosjektet.

**Husleige** for kyrkjelydshuset er ei intern overføring frå administrasjonskapitlet til KLH-kapitlet. Føremålet er å vise skiljet mellom Kyrkjelydshuset som eigar og soknet som leigetakar av kontor- og garasjefløya. Det er kommunalt vedtak på at kommunen skal dekke kostnadane med drift og vedlikehald av Kyrkjelydshuset. Leigetaksten er auka frå 350 000 i 2024 til 400 000 i 2025. Huset går med eit overskot på grunn av privat utleige og stor dugnadsinnsats. Desse midlane er med på å finansiere anna kyrkjelydsarbeid som Kyrkjebladet og Onsdagskafeen.

**Tenesteytinga frå kommunen** er no teke inn i budsjettet iht. budsjettføresegnene. Tenesteytinga er ført som ei kalkulatorisk inntekt og tilsvarande utgift.

### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokne- og fellestråd vedtek førebels budsjett for 2025 som framlagt.

Budsjettet er sett opp med eit meirforbruk i forhold til rammene. Ein tek sikte på ny, endeleg behandling når rekneskapen for 2024 er avslutta og behovet for eventuell tilleggslyvingar er nærare avklara.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 06/25 Utlysning av stillingane for kantor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/trusopplærar**

Aukra kyrkjelege fellesråd gjord i møte 12.12.24 – sak 95/25 – slikt vedtak:

Fellesrådet vil prøve å kome i gang med ein prosess før den nye kyrkjevevja tiltrer. Så kan ho vere med på den avsluttande tilsettingsprosessen.

Fellesrådet vil lyse ut både 60 % kantorstilling og 40 % kyrkjelydspedagog-stilling samtidig, med ein utlysingstekst som opnar for å søke kvar stilling for seg, eller ein kombinasjon av desse.

Ein bed fung. kyrkjevevje legge fram forslag til utlysingstekster til AU-møtet 09.01.25.

AU tok opp saka til drøfting i møte 09.01.25, der ein både kom inn på stillinga sitt innhald, profil og stillingsstorleik. Det var ulike syn på dette, men AU konkluderte med at stillinga bør lysast ut på vanleg måte i 60 %, og så får ein vurdere eventuelle søkarar i ettertid. Framlagt forslag til utlysingstekst blei drøfta og justert.

AU vedtok å samtidig lyse ut 40 % stilling som trusopplærar i samsvar med framlagt forslag til utlysingstekst, men med høve til å drøfte kombinasjonar av stillingane dersom søkarane er kompetente og interesserte i dette.

Vedlagte forslag til utlysingstekst er justert i høve til AU sine innspel.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesrådet vedtek å lyse ut 60 % kantorstilling og 40 % kyrkjelydspedagog-stilling samtidig, med ein utlysingstekst som opnar for å søke kvar stilling for seg, eller ein kombinasjon av desse.

# Spennande stilling som kyrkjemusikar i Aukra sokn

## Vi søker kantor / organist / kyrkjemusikar i 60 % fast stilling

Aukra kyrkjelege fellesråd har ledig 60 % fast stilling som kantor/organist/kyrkjemusikar i Aukra sokn.

Aukra er ein eittsoknskommune med 3700 innbyggjarar, der om lag 2550 personar bur på hovudøya Gossen og 1150 i fastlandsdelen Julsundet. Ferja mellom Gossen og Julsundet går jamleg og tek 12 minutt. Kommunen har godt utbygde servicetilbod, eit aktivt kultur- og idrettsliv og stor kristeleg aktivitet.

Aukra kyrkje er ei åttekantkyrkje i tømmer frå 1835 og ligg på Gossen. Kyrkja har eit 16 stemmers pipeorgel med to manualar og pedal frå 1995, levert av Th. Frobenius & Sønner,

### *Arbeidsoppgåver:*

- Leie det kyrkjemusikalske arbeidet ved gudstenester og andre kyrkjelege handlingar i Aukra kyrkje. I tillegg kjem inntil 10 gudstenester i året i Julsundet.
- Samarbeide med andre tilsette om trusopplærings-, konfirmant-, diakoni- og anna kyrkjelydsarbeid
- Rekruttere og legge til rette for at frivillige i alle aldrar kan ta del i song- og musikklivet i kyrkjelyden
- Ha ansvar for konsertar og andre musikalske arrangement i samarbeid med kollegaer, frivillige og sokneråd
- Følgje opp kyrkjelyden si kyrkjemusikalske verksemd i tråd med soknerådet sine planar og prioriteringar
- Vere rådgivar for sokne- og fellesrådet i kyrkjemusikalske spørsmål
- Ha ansvar for tilsyn med og vedlikehald av kyrkja sine instrument og øvrige musikkutstyr

### *Kvalifikasjonar:*

- Kvalifikasjonskrav i samsvar med tenesteordning for kantorar eller minimum 3 års utdanning innan kyrkjemusikk. Anna musikalsk utdanning og erfaring kan også bli vurdert
- Søkar må ha allsidig orgel- og pianoferdigheit
- Må kunne meistre fleire musikksjangrar, vere komfortabel med samspel og ha kunnskap og erfaring med korleiiing
- Må ha evne til å organisere og gjennomføre prosjekt
- Må ha gode kunnskapar om norsk gudstenestetradisjon og liturgi
- Må kunne norsk eller skandinavisk språk, munnleg og skriftleg
- Må være medlem av Den norske kyrkja

### *Personlege eigenskapar:*

- Kontaktskapande og samarbeidsvillig, med evne til å arbeide sjølvstendig og i team
- Interessert i og open for musikalsk mangfald og tverrfagleg samarbeid
- Initiativrik, engasjert og inspirerande



- Gode pedagogiske evner
- God skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne
- Grunnleggande datakunnskap
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

### *Vi tilbyr:*

- Godt arbeidsmiljø og stabsfelleskap
- Stort handlingsrom for skaping, samskaping og trivsel
- Kontor i kontorfellesskap på Aukra kyrkjelydshus
- Tilsetting og løn i samsvar med gjeldande avtaleverk for kyrkjeleg sektor
- Pensjonsordning i KLP

### *Søknad og kontaktinformasjon:*

- Søknad med vitnemål og attestar sendast elektronisk via [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)
- Søknadsfrist: **xx.yy.2025**
- Prøvespel må påreknast
- Tilfredsstillande politiattest må kunne framleggast ved tilsetting, jf. Trussamfunnslova § 20
- Prøvetid: 6 mnd.
- Kontaktpersonar: Leiar i Aukra sokne- og fellesråd Erlend Melby, e-post [erlend.melby@korsvikbakken.com](mailto:erlend.melby@korsvikbakken.com), tlf. 922 20 253 eller fung. kyrkjeverje Max Ingar Mørk, e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no), tlf. 951 85 921

Vi gjer merksam på at vi også har ledig 40 % stilling som kateket / kyrkjelydspedagog / trusopplærer. Dersom søkaren er kompetent og interessert, kan ulike kombinasjonar av stillingane diskuterast.

## Er du vår nye trusopplærer?

### Vi søker kateket / kyrkjelydspedagog / trusopplærer i 40 % fast stilling

Aukra kyrkjelege fellesråd har ledig 40 % fast stilling som kyrkjelydspedagog/trusopplærer i Aukra sokn. Stillinga omfattar i første omgang oppgåver og ansvar for kyrkjeleg undervisning for barn og unge 0 – 18 år etter vedteken trusopplæringsplan. Planen står framfor revisjon i høve til nyleg vedteken *Plan for kirkelig undervisning og læring*.

#### *Arbeidsoppgåver:*

- Planlegge og gjennomføre kyrkjeleg undervisning og læring retta mot barn og ungdom
- Ta del i konfirmantarbeidet
- Rekruttere, motivere og følge opp frivillige medarbeidarar
- Noko kvelds- og helgearbeid inngår i stillinga.

#### *Kvalifikasjonar:*

- Relevant høgare utdanning med vekt på kristendom og pedagogikk
- Erfaring frå og interesse for arbeid med barn og unge
- Erfaring frå frivillig kyrkjeleg arbeid
- Søkar må være medlem av Den norske kyrkja

#### *Personlege eigenskapar:*

- Gode formidlings- og kommunikasjonsevner i møte med barn og unge
- Initiativrik, fleksibel og løysingsorientert
- Gode leiareigenskapar
- Evne til å arbeide både sjølvstendig og i team
- Evne til å skape gode relasjonar
- God skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne
- Grunnleggande datakunnskap
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt


#### *Vi tilbyr:*

- Godt arbeidsmiljø og stabsfellesskap
- Fleksibel arbeidstid
- Kontor i kontorfellesskap på Aukra kyrkjelydshus
- Tilsetting og løn i samsvar med gjeldande avtaleverk for kyrkjeleg sektor
- Pensjonsordning i KLP

### *Søknad og kontaktinformasjon:*

- Søknad med vitnemål og attestar sendast elektronisk via [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)
- Søknadsfrist: **xx.yy.2025**
- Tilfredsstillande politiattest må kunne framleggast ved tilsetting, jf. Trussamfunnslova § 20
- Prøvetid: 6 mnd.
- Kontaktpersonar: Leiar i Aukra sokne- og fellesråd Erlend Melby, e-post [erlend.melby@korsvikbakken.com](mailto:erlend.melby@korsvikbakken.com), tlf. 922 20 253 eller fung. kyrkjeverje Max Ingar Mørk, e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no), tlf. 951 85 921.

Vi gjer merksam på at vi også har ledig 60 % stilling som kyrkjemusikar. Dersom søkaren er kompetent og interessert, kan ulike kombinasjonar av stillingane diskuterast.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 07/25 Referat- og orienteringssaker**

**Sak 07/25-1 Referat frå AU-møte 09.01.2025**



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976 997 654

### MØTEREFERAT

**Utval: AU i Aukra SFR**

**Møtedato: 9. januar 2025**

**Møtetid: 18.05 – 20.25**

**Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset**

**Desse møtte:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Kari Margrete Fanghol

Møtet blei leia av Erlend Melby

**Desse sakene blei behandla:**

#### **AU-sak 1/25 Førebuing av misjonsbasar 28.02.25**

Kari er saksordførar. Ho skriv eit saksframlegg til SFR. Førebuingane handlar om å skaffe folk og få inn gevinstar til loddsalet.

#### **AU-sak 2/25 Førebuing av feitetysdag 04.03.2025**

Kari er saksordførar. Ho skriv eit saksframlegg til SFR. Det må lagast plakater og skaffast folk.

#### **AU-sak 3/25 Førebuing av Gullkonfirmantsamling**

Det viktige i første omgang er å avklare kven som er kontaktperson og avklare dato. Og evt. om dei skal ha noko arrangement dagen før. Avklarast administrativt; inga sak til SFR.

#### **AU-sak 4/25 Offerliste for 2025**

Leiar i Gudstenestutvalet, Edvin Magne Nybø, er saksordførar. Han har gitt beskjed om at utvalet foreslo ein kopi av lista frå 2024, men med offer til Hustad fengsel i staden for Normisjon 14.07.25.

Kristian etterlyste ein breiare debatt og større eigarskap i soknerådet om offertildelingane. I innkallinga vil vi oppmode soknerådet til å tenke igjennom dette og kome med innspel til møtet.

#### **AU-sak 5/25 Budsjett for 2025**

Rekneskapsfører Lill Tove Gammelsæter i Hustadvika hadde gitt beskjed om at ho hadde fått utvida arbeidsoppgåver og derfor ikkje lenger hadde kapasitet til å lage budsjettforslag for 2025. Det låg heller ikkje i oppdraget frå Aukra kommune. Ho er likevel innstilt på å yte noko fagleg hjelp. Konklusjon: Max Ingar utarbeider forslag til budsjett i samråd med Lill Tove.

### **AU-sak 6/25 Utlysing av stillingane for kontor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/trusopplærar.**

AU hadde ei lengre drøfting av kontorstillinga, både m.o.t. innhald, profil og stillingsstorleik. Det var ulike syn på dette, men AU konkluderte med at stillinga lysast ut på vanleg måte i 60 %, og så får ein vurdere eventuelle søkarar i ettertid. Framlagt forslag til utlysingstekst blei drøfta og justert. Kristian vart samtidig oppmoda til å kome med forslag til eventuelle endringar. AU vedtok å samtidig lyse ut 40 % stilling som trusopplærar i samsvar med framlagt forslag til utlysingstekst, men med høve til å drøfte kombinasjonar av stillingane dersom søkarane er kompetente og interesserte i dette.

### **AU-sak 7/25 Innføring av Labora på kyrkjekontoret**

Kari orienterte om at kyrkjevevjen og Nils L. Sæther hadde hatt eit innleiande, elektronisk møte med Agrando om opplæring i LabOra. Ein hadde konkludert med å vente med vidare opplæring til ny kyrkjevevje er på plass.

### **AU-sak 8/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje**

Ny kyrkjevevje vil tiltre i løpet av februar. Erlend tek kontakt for å avklare nærare dato og eventuelt andre spørsmål. Ho får samtidig tilbod om å melde seg på KA sitt grunnkurs for kyrkjevevjer med ei samling på våren og ei på hausten i 2025.

### **AU valde å utsette desse sakene:**

- **Nye reglement**  
SFR fastsette i 2024 delegasjonsreglement for kyrkjevevja, AU og SFR.  
Det må også fastsettast økonomireglement og arbeidsreglement.  
AU vil arbeide vidare med dette når ny kyrkjevevje er på plass.
- **Leiaravtale for ny kyrkjevevje**  
I tilsetjingsbrevet til ny kyrkjevevje er det eit punkt om at det skal utarbeidast ein eigen leiaravtale. AU vil vente med dette til ny kyrkjevevje er på plass.


### **AU valde av kapasitetsmessige grunnar å ikkje svare på desse to høyringane:**

- Høyring frå Kyrkjerådet om retningslinjer for tilskotsforvaltning i Dnk.
- Høyring frå KA om strategiplan 2025-2029.

Aukra 09.01.2025

Erlend Melby  
Leiar (s)

Max Ingar Mørk  
Sekr.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)  
Org.nr.: 976 997 654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. januar 2025  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 08/25** Eventuelt